

■ LO-forbundet Handel og Kontor med kald skulder ■ Ti

Får ris av LO-topp

KRITISK: LO-forbundet Handel og Kontor går ut mot Negotia-streiken i Felleskjøpet Agri, mens tidlegare styreleiar Dag Fossen ber styret ta region.

tia Anne Lene Gabrielsen seier saka stiller seg annleis for dei enn for HK. Rett og slett på grunn av ein dato.

«Dette er litt tariffteknisk, men den tariffavtalen vi har løper ut 31. mars til neste år. Den tariffavtalen vi skal over på i NHO forhandles om høsten. Da blir det opphold hvor vi mister alt», seier ho. Trass den kalde skuldera frå HK-toppen, opplever ho støtte.

«Ellers opplever vi at vi får støtte fra HK-kolleger på arbeidsplassen», seier ho.

Støtte frå andre

Mens HK-leinga ikkje støttar streiken, haustar Negotia støtte frå andre.

Jørgen Espelid er tillitsvald for organiserte i LO-organisasjonen Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund (NNN), og med i LO-utvalet i Fellesforbundet Agri. Sjølv om dei ikkje har gått til streik, seier han at dei streikande har full støtte.

– Dei er våre arbeidskollegaer, og sjølvstøttar me dei, seier han.

– Er det grunn til å tru at det blir dårlegare avtaler i NHO?

– Me har tru på at me kjem greitt ut, men Negotia har ikkje det. Dei må få ha den konflikten.

Også forbundsleiar i NNN Anne Berit Hansen meiner Negotia har rett til å streika.

– Eg oppfattar at dei er i ein lovleg konflikt, seier ho.

Naturviterne, som er del av Akademikerne, sende tidlegare i veka eit brev til Negotia med støtte til dei streikande.

På banen med eit tilbod

Negotia hevdar dei i eit halvt år har forsøkt å få Fellesforbundet Agri på banen og oppnå ein avtale uavhengig av mellomoppgjeret. Det lykkast dei ikkje med.

Torsdag kveld kom Felleskjøpet Agri med eit tilbod om å innfri fleire av krava til dei

FAKTA

Fellesforbundet Agri:

■ YS-forbundet Negotia har sidan tysdag hatt 352 medlemmar i Felleskjøpet Agri i streik.

■ Felleskjøpet Agri har komme med eit tilbod for å få slutt på streiken, men Negotia svarar at det ikkje er godt nok.

■ Negotia vil ha garantiar for opparbeidde rettar før Felleskjøpet Agri i 2020 går frå Spekter til NHO Mat og Drikke og alle får nye tariffavtalar.

streikande i YS-forbundet Negotia.

Dei lovar å vidareføra retten til full lønn under sjukdom og svangerskap, og ein gruppelevsforssikring, uavhengig om dette ligg inne i tariffavtalane i NHO-foreninga.

Leiar for forhandlingsutvalet til Negotia Anne Lene Gabrielsen seier ho er glad for at Felleskjøpet Agri har komme på banen, men at dersom dei

seier ja til tilbodet dei har fått, vil mange av dei opparbeidde rettane dei streikar for framleis vera i spel.

Det gjeld mellom anna ei rekke arbeidstidsvilkår, hel- og kveldstillegg, vakttillegg og ein provisjonsavtale for seljarane.

– For dei 80 seljarane våre er 40 prosent av lønna nedfelt i ein provisjonsavtale. Den særavtalen forsvinn 1. april.

Til NTB sa Felleskjøpet Agri at dei er blitt møtt med fleire nye krav etter at dei kom med sitt tilbod. Det avviser Gabrielsen.

Til Arbeidsretten

Samstundes som Felleskjøpet Agri har komme på banen med eit tilbod til Negotia, vil Spekter stoppa streiken ved å gå til Arbeidsretten.

Dei meiner streiken er ulovleg, fordi det i eit mellomoppgjer berre skal forhandlast om lønn.

annekarih@klassekampen.no

Går ut mot styret

Tidlegare styreleiar i Felleskjøpet Agri Dag Fossen går ut med krass kritikk mot styret i Felleskjøpet Agri.

– Alt ansvaret legg eg på styret aleine. I det augneblinnet at administrerande direktør og styret skjønnte det blei streik på Kambo, skulle dei sett ein staur i bakken. Dette kunne dei løyst ved at det blei skrive på ein lapp at opparbeidde rettar blir vidareført, seier Fossen.

Han forklarar at Felleskjøpet Agri er avhengig av føranlegget på Kambo i Østfold etter at forproduksjonen er blitt sentralisert. Derfor kan dei ikkje stilla seg slik.

– No er det gått så mykje prestisje i saka frå begge sider, og styret i Felleskjøpet har mista styringa, seier han.

Han synst saka er tragisk. Felleskjøpet risikerer også å mista kundar når bønder finn seg alternative leverings- og handelskanalar.

– Alle forstår at Felleskjøpet

ønsker å endra ting. Det er legitimt. Men dei må utsetta det. Det går ikkje an å bruka eit arbeidsgivarskifte til å endra arbeidsvilkår, seier han.

Styreleiar Anne Jødahl Skuterud i Felleskjøpet er ikkje samd med forgjengaren.

«Vi beklager at en uskyldig tredjepart – våre medlemmer og kunder – er i ferd med å komme i en svært kritisk situasjon fordi Negotia har valgt å ikke innrette seg etter de grunnleggende reglene for norsk arbeidsliv», skriv ho i ein e-post.

Skuterud skuldar konflikten på Negotia.

«Vi deler administrasjonens bekymring for at konflikten kan få konsekvenser for dyrevelferden, som følge av en mulig akutt forkrise. Negotia har villet inngå forhåndsavtale om hva som skulle unntas fra streik for å sikre forsvarlig drift under streiken», skriv ho.

ARBEIDSLIV

Av Anne Kari Hinna, Bergen og Lars U. Larsen Vegstein, Oslo

Mens 352 medlemmar i Negotia er i streik i Felleskjøpet Agri, står fagforbunda som organiserer andre tilsette i landbrukssamvirket og ser på.

LO-forbundet Handel og Kontor er tydeleg på at dei ikkje støttar streiken.

«Vi støtter de streikende i sak, men vi støtter dem ikke i handlemåte. Vi mener ikke det er nødvendig å gå til streik for å oppnå resultater i denne saken», skriv HKs nestleiar Christopher Beckham i ein e-post.

Beckham seier at deira tillitsvalde er like opptatte av å få vidareført godane dei har når Felleskjøpet Agri blir del av NHO Mat og Drikke, som dei streikande i Negotia.

«Forskjellen er at vi ikke mener det er nødvendig å streike for å få til dette. Vi har tillit til ledelsen i Felleskjøpet og tror på at vi skal klare å løse dette sammen. Vi tror på at vi skal få til et samarbeid, og vi har en avtale med bedriften om å diskutere dette i forbindelse med overgangen til NHO», skriv han.

Forhandlingsleiar for Nego-

«Vi mener ikke det er nødvendig å gå til streik for å oppnå resultater i denne saken»

CHRISTOPHER BECKHAM, NESTLEIAR I HANDEL OG KONTOR



RÅKA: Det var kø på Felleskjøpets kornmølle